

Samnanger kommune v/Roald Aandahl
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Deres ref.:
Vår ref.: 11873428

SAMNANGER KOMMUNE SENTRALADMINISTRASJONEN	
SAK.NR.....	J.NR.....
11 JUL 2017	
EMNEKODE:.....
OBJEKTkode:.....
SAKSH:.....	GRADERING.....
Dato: 11.07.2017	

Innspel til kommuneplanens arealdel Samnanger kommune 2017-2027

Me visar til motteke varsel om offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel datert 05.05.2017, og varsel om forlenga frist datert 07.06.2017.

Ønske om planføresegner for nettstasjonar

BKK Nett har etter energilova områdekonsesjon i Samnanger kommune. Det inneber at me etablerer og driftar distribusjonsnettet i kommunen (høgspent og lågspent fordelingsnett).

Som del av distribusjonsnettet finst det eit stort tal nettstasjonar, dvs. små transformatorar i fordelingsnettet. For både nye og eksisterande nettstasjonar gjeld det at dei må stå minst 5 meter frå bygningar med brennbare overflater. Avstanden gjeld òg til terrasser og liknande utstikk som er direkte knytt til bygget og som er brennbart.

Me ser diverre at det ofte ikkje vert teke omsyn til avstandskrava når nye bygningar vert planlagde og oppførde. Dette skapar problem både for grunneigarar, utbyggjarar og BKK Nett. For å synleggjera dette, ber me om at det i planføreseggnene vert lagt inn at det generelt er 5 meter byggjegrense rundt nettstasjonar.

Planføreseggnene bør òg uttrykkja at oppføring av nettstasjonar i samband med forsyning av straum til stadbunden næring i LNFR-område og på areal regulert til utbyggingsføremål, skal tillatast utan at det må søkjast om dispensasjon frå arealplan.

Reglar for teikning av kraftleidningar i plankart

BKK Nett gjer merksam på at kablar i bakken ikkje må teiknast inn i plankartet. Forsyning av samfunnskritiske anlegg og institusjonar må heller ikkje teiknast inn. Me syner til Forskrift om beredskap i kraftforsyninga § 6-2, og NVE si *Rettleiing til forskrift om beredskap i kraftforsyninga*, pkt 6.2.5.

Informasjon om tiltak for å redusera påverknaden av trefall

Det vert montert fjernstyrt brytarar fleire stader i det høgspente distribusjonsnettet i kommunen for å redusera påverknaden av mellom anna trefall. Dette vil auke forsyningstryggleiken i kommunen.

Informasjon om mogelege tiltak i Samnanger

BKK Nett kan informera kommunen om følgande tiltak som BKK Nett har til føremål å gjennomføre i Samnanger dersom utviklinga i uttak eller innmating krev det:

22 KV kabel Frøland-Liarostunnelen

Ny hovudtrasé frå Børdalen til Frøland.


Ny kabel gjennom Liarostunnelen

Arbeid i tunnelen kan gjere det føremålstenleg å leggja ny kabel her.

Hagaåstunnelen – ny kabel

Det er planar om å oppgradera Hagaåstunnelen, og dette kan gjøre at dagens kabel blir aktuelt.

Venleg helsing
BKK NETT AS



Jan Ness
Seksjonssjef



Knut Erik Nielsen

Sivilingeniør